

VESTNORSK NETTVERK – FORSKARUTDANNINGA

DEL 1 – VITSKAPSTEORI MED ETIKK

STUDIEPLAN 2006

Mål for studiet

Deltakarane skal gjennom studiet tileigne seg kunnskapar og dugleik i allmenn og fagspesifikk vitenskapsteori som er relevant på doktorgradsnivå.

Omfang

Det vil for studieåret 2006 vere tre alternativ: Eit studium på 7,5 studiepoeng («alternativ 1»), eit på 10 studiepoeng («alternativ 2»), og eit på 15 studiepoeng ("alternativ 3"). Alle tre omfattar samlingar og ulike arbeidskrav, inkludert skrivning av vitenskapsteoretisk essay. Studiet strekkjer seg over to semester med oppstart i januar. Kandidatar som vel alternativ 1 eller 2 kan ved avtale presentere essayet før sommarferien.

Opptakskrav og målgruppe

Personar tilsette i fagstillingar ved høgskulane innan Vestnorsk Nettverk kan søkje. Deltakarane må kunne disponere ein FoU-ressurs som gjer det mogeleg å arbeide grundig og systematisk med studiet, som vert rekna for å vere teoretisk krevjande.

Kompetanse

Studiet vil svare til krava om opplæring i vitenskapsteori og etikk ved PhD-programma ved Universitetet i Bergen og dei andre institusjonane innanfor Vestnorsk Nettverk.

Arbeids- og undervisningsformer

Det vil i løpet av studiet bli arrangert fleire samlingar, der tema frå pensum, samt essayskrivinga vil stå i fokus. Deltaking på samlingane er obligatorisk. I særskilde høve kan det gjevast dispensasjon frå dette kravet. Under arbeidet med det vitenskapsteoretiske essayet har deltakarane rett til individuell rettleiing.

Innhald og oppbygging

Studiet gir ei innføring i viktige temaområde innan nyare vitkapsfilosofi, inkludert forskingsetikk. Deltakarane skal setje seg inn i dei ulike temaområda gjennom å arbeide med gitte pensumtekstar. Pensum er delt inn i fellespensum, med vekt på allmenne tema, og individuelt særpensum, der deltakarane legg opp tekstar knytte til tematikken som blir drøfta i det vitenskapsteoretiske essayet.

Evaluering

Alle deltakarane skal i løpet av studiet innfri ulike arbeidskrav, der eit vitenskapsteoretisk essay utgjer det faglege tyngdepunktet. Ein vel tema og problemstilling for essayet i samråd med fagansvarleg. Framlegginga går normalt føre seg på den høgskulen der deltakaren har arbeidsplass. Det blir oppnemnt ein særskild sakkunnig komité for kvart enkelt essay, og studiet blir godkjent når den sakkunnige komiteen har gitt si godkjenning av essayet. Evalueringa av studiet er slik knytt til sjølve essayet som tekst, arbeidskrav på vegen fram mot utforminga av essayet, og også framlegginga av essayet.

VESTNORSK NETTVERK – FORSKARUTDANNINGA

DEL 1 – VITSKAPSTEORI MED ETIKK

REGLEMENT FOR ARBEIDSKRAV

Essayets innhald og omfang

1. Det vitenskapsteoretiske essayet bør drøfte eit tema med relevans for kandidatens faglege prosjekt. Spesifikk tematikk blir utarbeidd i samråd med fagansvarleg. Dersom kandidaten er inne i eit doktorgradsløp, bør også hovudrettleiar vere med i diskusjonen om temaval. Eit rimelig omfang for essayet er om lag fem tusen ord.

Normal arbeidsmåte

2. Under arbeidet med essayet har alle kandidatar rett til individuell rettleiing frå fagansvarleg. Kandidatar som arbeider med doktorgradsprosjekt bør ha rettleiingskontakt med hovudrettleiar i tillegg.

3. Essayet blir lagt fram som ei førelesing på ca. 30 minuttar, på bakgrunn av eit ferdigstilt manuskript som er delt ut på førehand. I den påfølgjande diskusjonen, som normalt vil strekkje seg over ca. 60 minutt, er det ein føresetnad at kandidaten kan nyttiggjere seg ein kvalifikasjon som i tema og fagleg nivå svarar til kurs og pensumtekstar. Framlegginga går normalt føre seg på den høgskulen der kandidaten har arbeidsplass. Den vil alternativt kunne leggjast til eit eksternt forskingsmiljø som kandidaten er tilknytta.

4. Studentane vel eitt av tre alternativ: Eit studium på 7,5 studiepoeng (“alternativ 1”), eit på 10 studiepoeng (“alternativ 2”), og eit på 15 studiepoeng (“alternativ 3”). Kandidatar som vel alternativ 1 eller 2, kan ved avtale presentere essayet før sommarferien. Desse kandidatane må levere manuskriptet seinast 3 veker før framlegginga. Andre kandidatar må levere manuskriptet innan 1. oktober. Alle kandidatar sender manuskriptet elektronisk til sekretariatet i Vestnorsk nettverk. I særskilde tilfelle kan kandidaten sende ein grunnlagt søknad om forlenging av innleveringsfristen.

5. Essayet vert lagt fram etter ein tidsplan utarbeidd av sekretariatet i Vestnorsk Nettverk og fagleg leiar for del 1. Perioden for framlegging strekkjer seg normalt frå 1. mai til 15. juni i vårsemesteret og frå 1. november til 15. desember i haustsemesteret.

Oppnemning og administrasjon

6. Komiteen for det vitenskapsteoretiske essayet blir oppnemnt av Vestnorsk nettverk. Det vil normalt vere tre personar i komiteen: Fagansvarleg, hovudrettleiar for doktorgradsprosjektet og ein representant frå eit relevant fagmiljø på ein av deltakarhøgskulane (normalt frå same høgskule som kandidaten). Dersom kandidaten ikkje er inne i eit doktorgradsløp med rettleiar, eller dersom rettleiar ikkje har høve til å vere med i den sakkunnige komiteen, vil det normalt bli oppnemnt ein tredje medlem med relevant fagleg bakgrunn, som regel frå kandidatens høgskule eller Universitetet i Bergen.

7. Sekretariatet i Vestnorsk nettverk sender informasjon om det vitenskapsteoretiske essayet via e-post. Ein sender melding om framlegginga til alle VNN-kandidatane og til dei VNN-ansvarlege ved høgskulane, som distribuerer informasjonen vidare til alle relevante einingar og personar ved høgskulen (pr. e-post og ved oppslag).

Andre arbeidskrav

8. I tillegg til det vitenskapsteoretiske essayet og deltaking på obligatoriske kurssamlinger, inneheld kurset desse arbeidskrava:

Alternativ 1 (7,5 studiepoeng): ingen.

Alternativ 2 (10 studiepoeng): ein munnleg presentasjon, gjerne knytt til temaet for essayet og/eller til pensum.

Alternativ 3 (15 studiepoeng): eit skriftleg arbeid over oppgitt emne, samt ein munnleg presentasjon, der begge gjerne kan vere knytt til temaet for essayet og/eller til pensum.

Godkjenning

9. Før framlegging av essayet skal manuskriptet vere tilrådd av komiteen, og øvrige arbeidskrav skal vere innfridde. Godkjenning skjer etter framlegging og påfølgjande diskusjon. Evalueringa er «godkjend» eller «ikkje godkjend».

10. I unntakstilfelle kan endeleg godkjenning bli gjort avhengig av at kandidaten omarbeider manuskriptet etter framlegging. Dette kan skje dersom det under diskusjonen av essayet kjem fram tungtvegande innvendingar som kandidaten ikkje imøtegår på ein tilfredsstillande måte. I så fall blir kandidaten gitt ein tidsfrist for innlevering av nytt manuskript, som blir vurdert av komiteén.

11. For det pedagogiske kravet om formidling innanfor opplæringsdelen for PhD-graden svarar arbeidskrava samla til 5 studiepoeng innanfor dei 15 studiepoenga i alternativ 3, 3 studiepoeng innanfor dei 10 studiepoenga i alternativ 2, og 2 studiepoeng innanfor dei 7,5 studiepoenga i alternativ 1.